

Øygarden brann og redning IKS

Styret
Møteprotokoll

MEDLEM

Namn	Rolle	Representerer	Merknad
Per Rune Eikeseth	styreleiar	Sund kommune	
Olav Martin Vik	nestleiar	Øygarden kommune	
Silvia Haugland	medlem	Øygarden kommune	Ikkje møtt
Nina Glesnes	medlem	Sund kommune	
Elna Nybakk	medlem	Fjell kommune	
Sveinung Vethe	medlem	Fjell kommune	
Jørgen Kausland	medlem	Tilsette	
Eirik Monssen	observatør	Tilsette	Forfall

VARAMEDLEM

Jarl Martin Hestad	varamedlem	Tilsette, møter for Eirik Monssen	
--------------------	------------	-----------------------------------	--

ANDRE

Bjørn Olav Paulsen	brann- og redningssjef
Nils Anders Mæland	varabranssjef

Dato: 22.01.2019
Tid: 1500-1800
Stad: *Kreisen, Ågotnes brannstasjon*



Per Rune Eikeseth
styreleiar



Olav Martin Vik
nestleiar



Nina Glesnes
styremedlem



Elna Nybakk
styremedlem



Jørgen Kausland
styremedlem



Sveinung Vethe
styremedlem

Saker til behandling	
	Orienteringssaker
S01/2019	Godkjenning av innkalling og saksliste møte 22.01.2019
S02/2019	Godkjenning av møteprotokoll 26.11.2018
S03/2019	Driftsbudsjett 2019
S04/2019	Strategisk arbeid
S05/2019	Møteplan 2019
S06/2019	Sal/avhending av gammel mannskapsbil
	Eventuelt

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	22.01.2019	S01/2019	Bjørn Olav Paulsen
Innkalling og saksliste for møte 22.01.2019			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld godkjenning av innkalling og saksliste for møte 22.01.2019
Brann- og redningssjefen rår styringsgruppa til å godkjenne innkalling og saksliste for møte 22.01.2019 slik den ligg føre.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner innkalling og saksliste slik den ligg føre. Samrøystes vedteken.

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	22.01.2019	S02/2019	Bjørn Olav Paulsen
Godkjenning av møteprotokoll frå møte 26.11.2018			
Trykte vedlegg: Møteprotokoll frå møte 26.11.2018			

Saka gjeld godkjenning av møteprotokoll for 26.11.2018. Brann- og redningssjefen rår styret til å godkjenne møteprotokollen slik den ligg føre.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 26.11.2018 slik den ligg føre.

Vedtak

Styret godkjenner møteprotokollen for møte 26.11.2018 slik den ligg føre. Samrøystes vedteken.

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	22.01.2019	S03/2019	Bjørn Olav Paulsen
Driftsbudsjett for 2019			
Trykte vedlegg: Vedtak i sak R16/2018			

Saka gjeld godkjenning og tilpassing av driftsbudsjett for 2019.

Representantskapet for Øygarden brann og redning IKS (ØBR) vedtok i sak R16/2018 driftsramme og avsetnadar til fond for 2019. Samla ramme (overføringar) er på kr 29 203 000. Representantskapet vedtok å sette av kr 500 000 til driftsfond og kr 230 000 til investeringsfond. Ramma er om lag kr 935 000 lågare enn framlegg til budsjettalternativ 1, som styret vedtok i sak S46/2018. Brann- og redningssjefen har difor utarbeidd eit revidert utkast basert på styret sitt alternativ 1, men har justert ned i høve til den reduserte ramme, og vist kor innsparingane er føreslege. Brann- og redningssjefen rår styret til å vedta det justerte driftsbudsjettet for 2019, med dei innsparingstiltak som er skissert i saka.

Nytt sidan budsjettbehandlinga i representantskapet

Vår mannskapsbil ved Dalsneset brannstasjon (Ø.3.1) skulle i utgangspunktet skiftast ut i 2019. Bilen går i sitt 24. år og er overmoden for utskifting. Høge og uforutsette utgifter kan kome brått. Det har det no gjort. Bilen har fått alvorleg feil på ei innretning som styrer bremsesystemet, og ein reparasjon vil kome på meir enn kr 100 000 iflg verkstaden. Verkstaden seier at det er truleg at dei oppdagar følgeskadar på bilen, som kan gjere at kostnaden vert ennå høgare. Uansett overstiger dette bilens tekniske verdi. Verkstaden vil heller ikkje gje noko garanti på arbeidet, fordi dette er ein så vidt komplisert jobb. Det er avgjerande at bremsar fungerer på alle kjøretøy.

Grunna manglande økonomiske tildelingar for 2019, vart konkurransen om kjøp av ny mannskapsbil og ny tankbil, avlyst. Ny bil kjem altså ikkje på plass før truleg godt ut i 2020, og før det må ein sikre finansiering og føreta ny utlysing. Brann- og redningssjefen ser difor på mellombelse løysingar. Den mest trulege løysinga er å låne/leige eigna kjøretøy. Marknaden (og utvalet) for å låne/leige slike kjøretøy er særst avgrensa, og det vert uansett tale om ein eldre bil.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret vedtek driftsbudsjett for 2019 innanfor følgjande rammer

Bruttobudsjett	33 134 000
Inntekter, refusjonar og liknande	3 930 000
Nettobudsjett	29 204 000

Inkludert følgjande driftstilpassande tiltak

Tiltak	+ / -	Sum (kr)
Halde ein stilling vakant i 10 månadar	-	600 000
Utskifting av ein mannskapsbil (1995) og ein tankbil (2001) er utsett	-	240 000
Auka avsetnad til pensjon	+	200 000
Bruk av driftsfond	-	395 000
SUM	-	1 035 000

Styret ber administrasjonen utarbeide eiga sak om investeringsplan for kjøretøy/båtar og anna kostbart utstyr, og at dette arbeidet blir forsert.

Vedtak

Styret vedtek driftsbudsjett for 2019 innanfor følgjande rammer

Bruttobudsjett	33 134 000
Inntekter, refusjonar og liknande	3 930 000
Nettobudsjett	29 204 000

Inkludert følgjande driftstilpassande tiltak

Tiltak	+ / -	Sum (kr)
Halde ein stilling vakant i 10 månadar	-	600 000
Utskifting av ein mannskapsbil (1995) og ein tankbil (2001) er utsett	-	240 000
Auka avsetnad til pensjon	+	200 000
Bruk av driftsfond	-	395 000
SUM	-	1 035 000

Styret ber administrasjonen utarbeide eiga sak om investeringsplan for kjøretøy/båtar og anna kostbart utstyr, og at dette arbeidet blir forsert.

Samrøystes vedteken.

Øygarden brann og redning IKS			Saksframlegg
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret	22.01.2019	S04/2019	Bjørn Olav Paulsen
Strategisk arbeid			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld oppstart av styrets meir strategiske arbeid. Brann- og redningssjefen har etter oppmoding frå styret laga ei kortfatta sak, men vil i møte gje ein presentasjon omkring sentrale element i det strategiske arbeidet.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Saka vert lagt fram for diskusjon

I møtet

Strategisk plan

MÅL: Implementere brannokumentasjonen og sikre ein god overgang frå IKS til KF.

Det sentrale i arbeidet i selskapet framover er å få ein god dialog med den nye kommunen for å få brannokumentasjonen implementert ved å bruke mellom anna investeringsplan og tiltaksplan som verktøy for å vise konsekvens og resultat av dei forskjellige tiltaka som ikkje er i tråd med brannokumentasjonen. Selskapsavtalen i IKS'et inneheld gode moment som er viktige å ha med vidare.

Vedtak:

Styret set av ein eigen dag for å arbeide med innhald i ein strategi for å oppnå måla. Styreleiar finn ein dag og lagar saman med brannsjefen ein plan for dagen. Samrøystes vedteken.

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret for ØBR	22.01.2019	S05/2019	Bjørn Olav Paulsen
Møteplan 2019			
Trykte vedlegg: Ingen			

**Saka gjeld møteplan for styret i Øygarden brann og redning IKS for 2019.
Brann- og redningssjefen legg saka fram utan innstilling.**

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Saka vert lagt fram utan innstilling

Vedtak

Styret vedtek følgjande møteplan for 2019:

25.03, 17.06, 16.09, 26.11.

Møtestart normalt kl. 1500

Samrøystes vedtak.

Øygarden brann og redning IKS			Møteprotokoll
Organ	Møtedato	Saknr.	Saksbeh.
Styret for ØBR	22.01.2019	S06/2019	Bjørn Olav Paulsen
Sal/avhending av gamal mannskapsbil			
Trykte vedlegg: Ingen			

Saka gjeld sal/avhending av mannskapsbil. Bilden det gjeld er mannskapsbilen ved Dalsneset brannstasjon. Grunna behov for å justere ned driftsbudsjettet for 2019, vart konkurransen om ny vasstankbil til Skogsskiftet brannstasjon og ny mannskapsbil til Dalsneset brannstasjon avlyst. Mannskapsbil ved Dalsneset har i etterkant av avlysinga, fått påvise alvorleg feil på bremsesystemet, som det ikkje er rekningsssvarande å utbetre. Bilen er teken ut av bruk, og ØBR har inngå leigeavtale med Bergen Brannvesen om ein eldre mannskapsbil ut 2019. Brann- og redningssjefen ber styret om løyve til å avhende den gamle bilen, samt ta opp att arbeid med å anskaffe permanent erstatning for den gamle bilen.

Brann- og redningssjefen gjev følgjande

Innstilling

Styret godkjenner sal/avhending av Ø.3.1 (ZK 8732).

Styret ber også om at det vert sjekka ut ev. bruktdemobilar, som erstatning for gamle Ø.3.1

Vedtak

Styret godkjenner sal/avhending av Ø.3.1 (ZK 8732).

Styret ber også om at det vert sjekka ut ev. bruktdemobilar, som erstatning for gamla Ø.3.1

Samrøystes vedteken

